

Innlandet Fylkeskommune

Sendes elektronisk

## Høyrings svar til ny skulestruktur i Innlandet

Det visast til Innlandet fylkeskommune sin invitasjon til å koma med høyringsinnspel til prosessen kring ny struktur for det vidaregåande skuletilbodet i Innlandet.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er lokalbanken for Skjåk, Lom, Vågå, Dovre og Lesja og har vakse fram i samspel med folket, landbruk – og næring sidan 1873. Gjennom større og mindre hendingar og endringar har banken vore ein fjellstø medspelar og samarbeidspart, som etter beste evne har søkt å tilpasse seg og bidra til at lokalsamfunna har kunna vekse fram og verte robuste distriktskommunar ved å vera nær, solid og livgjevande tilstades.

Banken har forståing for at Innlandet fylkeskommune med jamne mellomrom må vurdere eigen skulestruktur, blant anna basert på elevtal, økonomi, behov for arbeidskraft, trendar med meir. Slik sett er det positivt at både administrasjon og politikarar ynskjer innspel frå lokalsamfunna, både privatpersonar, organisasjonar eller næringsliv.

I vårt område er fylgjande skular råka i prosessen knytt til skulestrukturen i framtida:

- Otta vidaregåande skule, inkl. studiestadane Lom og Dombås.

### **Skulane si rolle i samfunnet – ljøs i glasa**

Skjåk, Lom, Vågå, Dovre og Lesja er fjellkommunar med høg fjell, nasjonalparkar, landbruk, industri, detaljhandel, bygg- og anlegg, kommunal tenesteproduksjon og turistnæring. Dei er godt vaksne, dei er nye i livet, dei er nyskapande og tradisjonsberarar. Hjarta femnar om og bankar for det gamle og det nye – og har ein plass på kartet både innanlands og ute i verda.

Banken ynskjer å rette fokus på dei som held pulsen bankande – folket. Innbyggjarane, sesongarbeidarane, barnehageborna, odelsjenta- og guten, skuleeleven med framtidstru og pågangsmot. Dei er alle del av den pågåande samfunnsutviklinga og verdiskapinga som bygdene bidreg med - og som syrgjer for at det framleis er ljøs i glasa.

Demografiske framskrivingar fortel at talet på innbyggjarar i desse norddalskommunane har ei synkende kurve i åra som ligg framfor oss. Trass i dette er framskrive elevgrunnlag ikkje sterkt råka.

Banken meiner at ei nedlegging av skulestadar i små lokalsamfunn, utan førutgåande konsekvensanalyse å syne til er eit risikabelt grep å ta. Samfunnsøkonomiske omsyn og

distriktpolitiske målsettingar må vurderast opp mot det uttrykte behovet for omstrukturering grunngeve i økonomiske innsparingar.

### **Ringverknadar**

Kva ringverknadar kan ei slik omstrukturering føre med seg for små distriktkommunar? Det er spørsmålet som bør vera forsøkt utsvara før ei avgjerdsle skal fattast – ikkje ei dyrekjøpt erfaring som fyrst kjem til uttrykk i etterspelet.

Som lokalbank for både landbruksnæring, industri, turistnæring, bygnnæring og fastbuande meiner vi å tru at den vidaregåande skulen si rolle i samfunnsstrukturen er av avgjerande karakter. Busetting, verdiskaping og utvikling avheng i stor grad av framtidstru, trivnad og eigeverd; verdiar som dei unge får i heimen, på skulen og gjennom å oppleve at dei har sin plass i samfunnet. Ei nedlegging av eit desentralisert vidaregåande skuletilbod vil tømme lokalsamfunna for ungdom og dramatisk redusere talet på tilgjengeleg arbeidskraft gjennom året utanom sommarmånadane.

Mangel på tilbod om vidaregåande opplæring nær heimstaden vil truleg vega tungt på vektskåla når potensielle tilflyttarar skal ta sine val.

Fråflytting og fråvær av tilflytting vil gjere det enda meir krevjande å rekruttere framtidige medarbeidarar i alle bransjar, ikkje minst innanfor bank- og finans. Banken si rolle som samfunnsaktør gjev eit unikt overblikk over det finstemde samspelet som eit levande bygdesamfunn er. Vi ser at alt er knytt saman, små og store hendingar påverkar dynamikken og retninga som fylgjer. Det er banken si vurdering at konsekvensane av ein reduksjon eller nedlegging av det vidaregåande skuletilbodet i vårt nedslagsfelt må utgreiast grundig og breidt før dei folkevalde kan ha eit forsvarleg grunnlag å ta avgjerder på.

### **Næringsgrunnlag i framtida**

Som lokalbank for fleire bygdesamfunn i Fjell-Noreg oppsummerar vi vårt innspel i høyringssaka kring ny skulestruktur for vidaregåande skuletilbod i Innlandet med ei oppmoding om å sikre at kunnskapsgrunnlaget fylket sine ombodskvinner- og menn skal gjere sitt vedtak på vert utgreia i eit vidare perspektiv. Ein skule er ikkje berre ein skule – den legg også grunnlaget for oppretthalding, utvikling og meirverdi for all næringsverksemd i sine omgjevnadar.

Vennlig hilsen

SpareBank 1 Lom og Skjåk

v/Anne Kjæstad Veggum

Leder forretningsutvikling, økonomi og finans